

Nr. 6 - november 2020

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

Dette er dei oppsette gudstenestene framover.
Me tek etterhald om endringar/avlysingar visst
det kjem nye korona reglar framover. Gjeldane
liste og informasjon om forandringar finn du i
kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no og facebook sida
vår: «Kyrkja i Masfjorden»

29. november
Solheim kyrkje kl.11.00
Gudsteneste v/Helge Hitland
Takkeoffer til NLA Høgskulen

20.desember
Granneheimen kl.11:00
Gudsteneste v/ Harald Sundsbø
Takkeoffer til Kirkens bymisjon Bergen
Det vil bli servert betasuppe, kaffi og kaker
etter gudstenesta

24. desember
Sjukeheimen kl. 12:00
Frøyset kyrkje kl. 14:00
Solheim kyrkje kl. 16:00
Gudsteneste v/Harald Sundsbø
Takkeoffer til Frelsesarmeene

25.desember
Sandnes kyrkje kl 12:00
Gudsteneste v/Kurt Vidar Soltveit
Takkeoffer til Frelsesarmeene

3.januar
Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

10.januar
Sandnes kyrkje kl. 12:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

17.januar
Solheim kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Utdeling av 4-års bok

31.januar
Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Utdeling av 4-års bok

Me er i gang med å lage ei felles
julegudsteneste som nettsending. Denne blir
felles for alle kyrkjene i prostiet og med
innslag frå Masfjorden.

Døypte

11.10.2020 Konrad Haugsdal

Foreldre:
Kristin Andvik Haugsdal og Vebjørn Haugsdal
Faddrar: Hogne Haugsdal, Sigve Haugsdal,
Lillian Anvik og Synne Kristin Søvde Holmås

11.10.2020 Tirill Andvik

Foreldre: Mariann Fløtre Anvik og Even Andvik
Faddrar: Ingmund Andvik, Helen Andvik,
Kristine Andersen og Viviann Mjelstad.

11.10.2020 Olivia Mjanger-Steinde

Foreldre:
Ragne Steinde og Sveinung Tveit Mjanger
Faddrar: Gro Serine Baarøy, Kristian Skjelanger
Kvinge, Ingrid Bones og Live Bones

31.10.2020 Ylva Skuggedal-Lahti

Foreldre: Astrid Skuggedal og Yngve Lahti
Faddrar: Sindre Lahti Stusdal, Astrid Daae,
Ingvild Lahti, Mats Svendsen, Sigrun Skuggedal
og Oddbjørn Skuggedal

15.11.2020 Leonora Haveland Angeltvedt

Foreldre:
Anne Hilde Haveland og Espen Angeltvedt
Faddrar: Susan Norman, Ruth Wenche Staurland,
Andreas Haveland, Monica Daae,
Øyvind Angeltvedt og Jan Morten Angeltvedt

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrja har de fått
del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for
dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds
ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og
veksa i den kristne trua.

Avlidne

09.10.20 Odd Furebotn f.1927

19.10.20 Nils Ingvard Skjelanger f. 1936

30.10.20 Magnhild Vågseth f. 1920

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur
på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som
trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



Kompromissløs nåde

Vi har fått være med på å sette kurset videre for en tilstedevarende, bred og åpen kirke. Som kirkerådsleder kjenner jeg et særlig ansvar for å bidra til å åpne kirken for alle som ønsker å høre til den. Også nå, i en verden som snurrer stadig raskere rundt ekkokamre og likerklikk. Kirken skal by på fellesskap, et sted der ytre stash og iscenesatt prakt ikke teller. Kirken er et rom for de lange linjer. Det ligger under som en dypt forankret klangbunn i folks bevissthet: i kirken er det alvor og sannhet som gis rom. Som kirke har vi snublet og famlet. Men også kirken holdes oppe av Guds nåde. Den holdes sammen av Guds uforbeholdne kjærlighet til oss, til alle mennesker. Kirken er i verden som et forsonende fellesskap, med en felles forpliktelse: å løfte frem Guds kompromissløse nåde.

Uansett om vi er her, i et storslått kirkerom, eller sitter hjemme hos oss selv, er vi alle omfattet av en nåde som aldri feiger ut. Den er der, for den som sørger og lider, for dåpsbarnet, for konfirmanten som mottar forbønnen eller i ekteskapet der to forenes i kjærlighet. Evangeliet er ikke forbeholdt de få. Å reservere evangeliet for noen grupper, å bruke evangeliet til å holde noen ute eller nede, det er i strid med Jesu budskap. Hele grunnfortellingen om Jesus er at han åpner for mangfold. Jesus brekker Gudsriket åpen for alle – særlig dem som ble holdt utenfor. Dette forplikter kirken til å fortelle om en Gud som strekker hånden ut til mennesker, uansett hva som skjer. Slik at vi alle kan møte en kompromissløs nåde.

Varm hilsen til dere alle
fra Kristin Gunleiksrød Raaum, kirkerådsleder



Harald takkar av – vi takkar Harald



Frå årsskiftet vil Harald Sundsbø ikkje lenger arbeide som vikarierande sokneprest i Masfjorden.

Då Tone Marit Dyrkolbotn i fjar haust reiste frå Masfjorden for å bli prest i Den norske kyrkja i Torrevieja, var vi nok fleire som

lurte på kva som no kom til å skje. Kva løysing på prestespørsmålet var det prosten hadde i ermet?

Løysinga viste seg å vere Harald Sundsbø. Og det vart ei løysing som mange har visst å verdsetje, av ulike årsaker. For folk rundt om i grindene våre har Harald vore ein stødig og god prest, i gode og vonde dagar.

For oss som har hatt oppgåver bak kulissane, i ulike verv og posisjonar, har Harald vore ein klok og kunnskapsrik rådgjevar. Sagt på ein annan måte: Harald Sundsbø syntet seg å vere rett mann til rett tid.

Men no er tida over. Harald takkar av, og vi takkar Harald. Og vi veit vi har gode grunnar til å takke.

Tekst : Rune Garmann
Foto: Eli Eidsnes

Vikar for vikaren på Helgesmessøndag

Klokka var vel sånn halv sju lørdags kvelden – og mobilen ringte. Prosten sitt navn sto i displayet. 'Vikaren for vikaren som har brukket foten, kan ikkje ha gudstenestene i Masfjorden i morgen ... - Sandnes og Solheim ... - nokon mulighet for at du kan hjelpe?'

Det vart ein fin dag, og ein spesiell dag – av fleire grunnar. Fem år sidan sist eg hadde gudsteneste i Masfjorden. Litt spesielt å gå i duskregnet opp bakken til Sandnes kyrkje då klokka passerte elleve søndags formiddag. Der var dei i full gang med øving – tårnagentane, Helga, Anne Merethe og eit par konfirmantar. Gjennom ord og rollespel hadde dei ei fin formidling av verdien av å vere ærleg mot seg sjølv, kvarandre og mot Gud. I benkene sat også nokre spente 10-åringar.



Gledeleg å sjå dei ta imot bibelboka 'Guds barn'. Det var ikkje farleg å vere vikar på kort varsel når dyktige medarbeidarar hadde førebudd og fylt med innhald det aller meste.

Men det var også helgemessesøndag. Med minne om kjære som har gått bort siste året, og lys tent for kvar av dei av tårnagentane. For kvart namn eit tomrom i ein familie. For kvart namn ei mengd med minne. Å stå framfor kyrkjelyden og lese namna, kjendest sterkt – også for meg var det kjende namn som alle kalla fram gamle minne.

Stilla og roen i kyrkerommet då eg sat åleine igjen, var perfekt for å skrive ferdig preik til gudstenesta i Solheim. Det var ikkje berre å hente fram noko frå ti år tilbake – ikkje på ein slik dag der så mange kjensler og tankar er i sving. Eg måtte tenke på eigne opplevingar. Både personlege og tap eg hadde stått nær i tenesta. På



mor som eg enno saknar etter ho gjekk bort same hausten som eg vart pensjonist. Og sjølvsagt på håpet – det håpet vi har ved trua på Jesus Kristus, og som gjør at der er håp for den som sørger – håp om å vere mellom dei sæle (Mt 5,4).

Det var ikkje annleis i Solheim – namna eg las, var kjende namn, og konfirmantar tente lys. Fem år? Høyrest så mykje ut, men då eg sto der framme og såg andleta i benkeradene – i Sandnes og i Solheim – og såg at det var ikkje framande forsamlingar eg kom til – men andlet og namn som også henta fram mange minne og gode kjensler, då var det i alle fall klårt at fem år ikkje hadde viska ut dei mange gode banda nokre tiår har skapt.

Det var godt å kome til Masfjorden og kjenne seg heime. Fint å vere prest igjen nokre minutt i kyrkjene som har hatt så stor plass i livet mitt.

Knut Sørheim,
tidligare sokneprest i Masfjorden

Prestetenesta i Masfjorden sokn



Harald Sundsbø har i over 1 år fungert som sokneprest i Masfjorden. Og i haust har Kristine Bleikli hatt prestetenesta for konfirmantane.

No får dei avløysing av Torbjørn Sæle (35), som har takka ja til å vere sokneprest i 1 år frå 1.januar 2021.

Josefs advent

Det må ha vore eit sjokk for Josef. Å oppdage at hans trulova Maria var med barn som ikkje var hans. Eit slikt forhold ville føre skam over han og hans nærmaste familie. Han måtte finne ein veg ut. Ut av forholdet. Ut av farskapet. Skulle han velje å ta hemn? Gjere det kjent for alle?

Josef var ein rettskaffen mann og ville ikkje føra skam over henne; han sette seg føre å skilje seg frå henne i det stille. Matt 1, 19

Då vakna alle Herrens englar. Det kan ikkje skje! Josef kan ikkje forlate Maria! Han MÅ verte far til dette barnet! Det MÅ fødast i Davids hus!

Ein engel frå Herren synte seg for han i ein draum og sa:

Josef, Davids Son!

Ver ikkje redd å ta Maria heim til deg som kona di. Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus.

Matt 1, 20-21

Dei kan vere myndige - englane – når dei gjer ærend for Herren.

Josef fekk to oppdrag:

1. Hald deg til Maria.
2. Gje barnet namn.

Alt skal vere ope, ingen ting skal vere hemmeleg. Josef og Maria er eit par.

Ingen av dei skal kjenne skam. Hemn er ikkje vegen.

Og barnet skal fødast. Med Josef som far. Å verte ein del av Davids hus og ætt. Ein av oss.

Torbjørn er spesialprest i Knarvik, og har arbeidd med barn, unge og konfirmantar som sitt spesiale i fleire år i Knarvik.

På soknet sine heimesider vil det seinare verte gjort kjent markering for avslutninga for Harald og Kristine og oppstarten for Torbjørn.

Helge Taranrød,
prost

Slik gjekk Josef inn i advent. Med skamma teke bort, hemnen lagt til side.

Saman med Maria, ventande på eit barn.

Og Josef lytta til engelen i sin draum, og gav barnet namnet Jesus. Namnebror med Josva. Den første. Han som førte Guds folk ut av slaveri, angst og død.

Når Jesus var eit lite barn og ikkje kunne snakke, tala englane. Dei flaug opp og ned. Viste seg i draumar. I fleirstemmeig lovsong på Betlehemsmarka.

Når Jesus Kristus no er hos sin himmelske Far, talar englane igjen. Josefs draum er Guds draum: At alle menneske skal oppdage at det vesle Barnet verkeleg er Messias - den første, som Guds folk venta på.

Englane har det travelt i advents- og juletida. Med å bere Guds draum til oss. Så lat oss stanse opp og lytte til vengesлага og englesongen.

Velsigna advent og jul!

I et skur ved Betlehem, gjemt i Josefs store trøye lå Guds dyrebare ord som et nyfødt barn i høyet. Og vi ser: Gud er god.

Norsk Salmebok 104



Helge Taranrød,
prost i Nordhordlan

Trusopplæring

Eit av føremåla med oppstart av skulen i Noreg var å læra folk å lesa slik at dei kunne gjera seg skjent med bibelen og bli konfirmert. Skulen har skifta fokus. Opplæring i- og utøving av tru for barn er no i større grad foreldra sitt ansvar. Dei har saman med andre medlemer i Den norske kyrkja valt sokneråd og andre organ. Desse har tilsett ulike fagfolk for mellom anna å støtta foreldra i opplæring av dei døypte borna, samt andre oppgåver og ritualer knytt til å praktisera våre kristne tru.

Me har lenge hatt tradisjon for tiltak retta mot utvalde aldersgrupper. Det har vore bok til 4 åringane, bibel til 10 åringane og konfirmasjonsførebuing. Kyrkjelydane har vorte meir og meir involverte i å støtta fadrar og foreldre si oppgåve knytt til dåpsløftet. Sidan 2010 har me hatt plan for trusopplæring i Dnk med mål om å ha tiltak for alle aldergrupper frå 0-18 år kvart år. Planen heiter Gud gir- vi deler, den famnar vidt og har tre hovudaspekt:

Livstolking og livesmeistring

Trusopplæringa skal fremje opplevelinga av eigenverd og legge til rette for at barn og unge kan sjå seg sjølv og tolke tilværet sitt som skapt, elska og halde oppe ved Guds kjærleik.

Tru og tradisjon i kyrkja

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge lære å kjenne den treeinige Gud gjennom Bibelen som Guds ord, truedkjeninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for kyrkja si tru. Barn og unge skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til.

Konfirmantleir

Konfirmantleiren skulle ha på Fjon i år som i alle år. Det vart hyppige endringar grunna koronasituasjonen. Først la me om planane til ein bu heime leir, men etter kvart som situasjonen eskalerte, og det kom strengare reglar, såg me oss nøydde til å avlysa den fysiske leiren. Det ville no vera stusseleg å ikkje ha nokon ting så konfirmantprest Kristine laga til eit undervisningshefte, som konfirmantane kunne arbeida med i helga. Dei fekk ei lita pakke med ei helsing, kristuskranshefte og sjokolade. Å køyra rundt Masfjorden tok si tid, me brukte 6,5 time på turen. Det var kjekt å møta konfirmantane der dei bur. Så hadde me nokre samlingar på messenger med små undervisningsbolkar. Ei av oppgåvene var å baka ei kake. Samlinga på søndag var kyrkjekaffi. Der åt vi kake saman på messenger, med tidenes største kakebord med om lag 15 kaker. Konklusjonen frå konfirmantane var i alle fall klar: «Me vil ha leir på Fjon!» Me skjønar godt at dei vart skuffa over å gå glipp av leiren. Å vera på leir handlar ikkje berre om undervisning. Ein viktig del av leir er å vera saman og berre leika og ha det kjekt. Det var godt å oppleva kor positive og tolmodige dei var- trass alt!

Kristen tru i praksis

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin. Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet. Barn og unge skal få uttrykkje seg sjølv, trua og skaparevna si.

Kyrkjelydane i Masfjorden har for tida desse tiltaka:

- Dåp
- Dei minste får helsingar og gåver på eitt-, to- og treårsdagen for dåpen.
- Fireåringane vert inviterte til kyrkja for å få fireårsboka. Januar
- Femåringane har dåpsskule med fleire samlingar i kyrkja, og lagar eit eige dåpsskuleteppe. Avduking i januar når 4 åringane får boka si.
- Sju-, åtte- og niåringane vert inviterte til Tårnagenthelg for å verte betre kjende med kyrkja si. Haust
- Tiåringane får bibelboka "Guds barn", der biskop Desmond Tutu formidlar mange bibelforteljingar. Haust
- Elleve-, tolv-, og trettenåringane vert invitert til "Lys våken", der dei får overnatte i kyrkja. Januar
- Konfirmantåret startar det året dei fyller fjorten.

I desse tiltaka er alle velkomne. I respekt for trusfridomen er det born som er døypte i eller tilknytt til Den norske kyrkja (barn med ein forelder som medlem i Dnk) som får direkte invitasjon til tiltaka.

Dåp på rekke og rad

Søndag 11. oktober var det heile tre dåpsbarn i Sandnes kyrkje.


Det var mange folk i kyrkja som ville sjå borna verta døypte, men det kunne vore endå fleire om koronasmitten ikkje hadde vore så høg. Mange familiemedlemmar som bur lang vekke, måtte dessverre melda fråfall denne dagen. Men prest Harald Sundsbø og organist Anne Merethe Reknes sytte for god stemning i kyrkja likevel. Sandra Strand Andvik bar inn dåpsvatnet, og inn kom familiene i prosesjon. Dåpsbarna kom inn i kyrkja etter alder, eldste dåpsbarnet først og yngste dåpsbarnet sist. Tiril Andvik, Olivia Steinde-Mjanger og Konrad Haugsdal. Dåpsbarna oppførte seg



eksemplarisk under gudstenesta til foreldra sin store lettelse. Kyrkjelyden song godt med på salmane og dei yngste borna gjekk fram i kyrkja for å sjå betre når borna vart døypte. Vêret var nydeleg og steminnga var god! Me hadde ein nydeleg dåpsdag!

Kristin Andvik

Til 4-åringane



No er det 3-4 år sidan du vart døypt. Du fyller 4 år dette året og er ein av Gud sine barn

og høyrer til Frøyset, Sandnes og Solheim kyrkje saman med dei andre i kyrkjelyden. Kyrkjelyden kallar me dei folka som høyrer til ei kyrkje. Me har omsorg for deg, vil læra deg å bruka Gud sitt ord og ta del i nattverden. Difor har me lyst å gje deg ei gåve. Det er ei bok som heiter: Kyrkjeboka mi.

Her står det litt om tradisjonar i kyrkja vår, om ei jente som ikkje hugsar at ho vart døypt og om Jesus. Jesus er som deg og meg- fylt med kjensler av glede, sorg, sinne og redsle. Bak alle kjenslene ligg kjærleiken- kjærleiken til alle menneske. Jesus er særleg glad i alle

born og alt som lever. Kanskje du har nokon heime som kan lesa og syngja saman med deg?

Ta del i gudstenesta. Denne søndagen får du gå i prosesjon inn i kyrkja saman med sokneprest Torbjørn Sæle, Helga og dei andre som får bok. Seinare i gudstenesta får du koma fram i kyrkja og alle syng nokre songar. Så seier me namnet ditt og gjev boka til deg og dei andre. Du, familien din og heile kyrkjelyden er velkomne på kyrkjekaffi med saft og kaker etterpå.

Ein kveld før denne gudstenesta inviterer me deg til ei vandring og undring i kyrkja di. Her vil me gjera oss litt kjende med kyrkja, syng nokre songar og gå gjennom det me skal gjera i gudstenesta søndagen. Me syng Kven har skapt alle blomane og Min båt er så liten og kanskje endå fleire!

Alle som er fødd i 2016 og bur i Masfjorden er velkomne til å få kyrkjebok. Personleg invitasjonen i posten får dei som er døypt eller har minst ein forelder som er medlem i kyrkja. Vær gild å spreie ordet om at alle er velkomne og at dei som ikkje har fått brev lyt ta kontakt med kyrkjekontoret for å få bok.

Invitasjon og meir informasjon kjem i posten.

Solheim kyrkje: Sundag 17. januar klokka 11:00
Frøyset kyrkje: Søndag 31. januar klokka 11:00
Sandnes kyrkje: Søndag 14. februar klokka 12:00

Helga Ekehaug, trusopplærar



Kjenner du eit barn som vil vere med på ei spennande opplevelse i kyrkja? Snart er det Lys våken – årets hending i for 11- 12- og 13-åringar!

Tusenvis av born i kyrkjer over heile landet overnattar i kyrkja, dei er med på LysVåken. I år arrangerer me det i kyrkjene i Masfjorden for tredje gong – og me håpar mange av dei som fyller 11- 12 og 13 år i 2020 i Masfjorden vil vera med.

Kva skjer på LysVåken? Det vert det leikar, skattejakt i kyrkjerommet, aktivitetar, dans, song, leik og ei koseleg filmstund til slutt. Etter filmen vert det ei lita kveldssamling, før me finn soveposane våre og legg oss til å sova i kyrkjerommet. Der er det heilt trygt, veldig fint og litt spanande å overnatta. Det vil vera vaksne leiarar med som passar på, så det skal gå veldig fint.

Bok til 10-åringane

Ein søndag i oktober fekk 10-åringane tilhøyrande Frøyset kyrkje eigen invitasjon til gudstenesta, der dei skulle motta ei gåve. Gudstensta starta ved at 10-åringane kom inn kyrkjegolv i prosesjon til Anne Merethe Reknes sitt pianospel, med vikarprest Harald Sundsbø og trusopplærar Helga Ekehaug hakk i hel.

Kyrkjelyden ville gje dei boka "Guds barn". Ein av konfirmantane var på vegne av kyrkjelyden med å dele ut boka. Medan 10-åringane stod framme i kortrappa, fortalte Helga oss litt om boka. Kvar og ein fekk si eiga bok med personlege helsing frå Frøyset kyrkjelyd. I denne boka fortel erkesbiskop Tutu historiar frå bibelen som handlar om miskunn, tvil, rettferd og kjærleik. Han har arbeidd mykje med forsoning i Sør-Afrika.

Som eit innslag til dette, skulle vi få lære oss ein afrikansk salme, heldigvis med enkel tekst og melodi. 10-åringane og konfirmantane stod for svingande rytmar med rytmeinstrument og vi kunne danse oss gjennom salmen, slik dei jo gjer i

På sundag morgen vert det frukost før me lagar til gudstenesta, der LysVåken-deltakarane er med. Det er mange måtar å vera våken på. Våken for korleis du og dei rundt deg har det eller våken for kva bodskap me har i kyrkja. Det vert stas – og her kan foreldre, besteforeldre, naboar og andre koma og vera med på ei triveleg gudsteneste!

LysVåken i Masfjorden

I fjar hadde me lys våken rett før jul og fann ut at det vart veldig hektisk med messer og aktivitetar før jul. Difor vil me no ha det på etterjulswinteren. For å få dette til lyt me saman med foreldre samarbeida om mat, aktivitetsleiarar og nattevakter.

Denne gongen truleg utan overnatting og med andre endringar alt etter kva koronasituasjonen vert. Føl med på nettsida og facebooksida til kyrkja: www.masfjorden.kyrkja.no, kyrkja i Masfjorden

Helga Ekehaug,
trusopplærar

Afrika. Det var eit artig innslag, men så fekk vi beina ned att på jorda, og fullføre gudstenesta på norsk vis. Den gjekk vidare med preik, bøn, salmar og nattverd, på korona vis. Anke Helland las frå brevet til Hebrewarane. Teksten handla denne 20. søndagen i treeiningstida om kjæreleik og truskap.

Det blei ei fin og harmonisk gudstenesta. Nokre gongar føler vi ei glede når vi syng kjente og kjære salmar. Då vi song "Milde Jesus" kjente eg denne gleda. Då kom det strøymande med gode barndomsminner. Eg forlét kyrkja med gode tankar og gode kjensler, og det gjer godt i desse tider.

Boka «Guds barn» er ei veldig fin bok med fargerike illustrasjonar som ungane sjølv kan lese og som er fin å lese saman.

Anne-Lise N. Holmaas,
mor til ein 10-åring

Tårnagentar på oppdrag

På sjølvaste Halloween var tårnagentene på oppdrag i Sandnes kyrkje, på leit etter symbol og gjenstandar som høyer kyrkja til.



Det var åtte agentar frå Nordbygda og Sandnes sokn som tilbrakte laurdagen ilag, samt deltok på gudstenesta dagen etter.

I løpet av helga fekk borna læra mykje gjennom blant anna quiz og rebus. Dei fekk læra om orgelet og kyrkjaklokka, og kvar og ein fekk ringa med klokka.

Laurdagskvelden delte dei eit måltid, og då kom det mykje djupe tankar kring livet og døden. Det var ein lun og god atmosfære inne i kyrkja, til tross for den mørke og vindfulle allehelgenskvelden utanfor. På tampen av kvelden vart alle lys slått av, og agentane slo seg laus med



mørkegøymsel, så det var tydelig at det ikkje låg skumle kjensler rundt kyrkja.

Dagen etter hadde agentane øvd inn eit skodespel, samt musikalske innslag som dei framførte under gudstenesta.

Dette var helgemessesundag, og det vart tent lys for alle dei som har gått bort i soknet dette året. Ei fin symbolsk handling for borna å ta del i.

Sigrun Haugsdal Reknes og Lene Kvamsdal



Miniseminar trusopplæring

Ein laurdag i oktober var sokneråd, tilsette og nokre frivillige samla til miniseminar der trusopplæring, kyrkja som kulturarena og korleis brukar Masfjordingen, heimesida og sosiale media som kulturarena var tema.

Fleire idear kom fram til korleis me vil ha kyrkja vår i Masfjorden. Vonleg tror me i gang med nokre av ideane når Koronaepedemien har lagt seg.



Her er trusopplæringsgruppa i sving med praktisk tilrettelegging med patentknappar i konfirmantkappene og helsing frå kyrkjelyden i bibelboka til 10-åringane og vyer om å ha ei småbarnsgudsteneste ein gong.

Skjerjebakken 100 år

I Masfjordboka band 1 står det slik:
«Elvikstrand hjelpekyrkjegard utskild 29.8. 1918 frå bruk 1-4 på Mjanger.»

Namnet Skjerjebakken vart gjerne snart teke i bruk av naturlege grunnar; like utanfor den nyrydda bakken var det to skjer i vågen. Hovudkyrkjegarden var ved Sandneskyrkja, men det var langt dit. Det vart murt opp bryggje. Båtar var framkomsmiddelet heilt til vegen frå Sandnes til Einestrand kom på 60-talet. Eivind Kvinge (1915-2005) , skriv i «Fjon frå fjell til fjord» nr.3 om «Gravplassar og gravferder i Masfjorden»: «Fyrste gravferda eg hugsa til, var her hjå nærmeste grannen vår på Nordkvingo. Ei dotter i huset var død, tretten år gammal. Ho døydde 13.oktober, og vart gravlagd 20.oktober 1920. Det var ein dag med strålande ver. Ho var den fyrste som vart gravlagd på Skjerjebakken ved Mjangersvågen. Eg hugsa ho låg i ei svart kiste, og dette vart både fyrste og siste gongen eg såg ei svart kiste. Kistene i den tida vart alltid laga av snikkarkunnige nabobar i gravlaget.»

Nederst i venstre hjørne av gravplassen står ein liten, grå stein:
Astrid Kvinge, f. 5.6. 1907, d. 13.10. 1920.

For ein trist dag dette måtte vera for familien og bygda.



Gamal kyrkjeleg tradisjon er at ein lagar gravene aust-vest; hovudet vender mot vest og føtene mot aust. Gravstøtta vert sett der hovudet er. Men det er ikkje alltid at det er praktisk mogleg å gjera det slik.

Når du står ved porten til Skjerjebakken, ser du at støttene på venstre sida vender mot vest. På 70-talet vart karmane ved støttene tekne bort for gjera det enklare å slå graset. Og det var nok praktiske årsaker til at gravene på høgre sida vender mot sør (sjøen). Men den nederste rekkja på høgre sida er lagt etter kyrkjeleg tradisjon.

Den gamle vegen til gravplassen er no stengt for bilar, og ny veg kom i 2014.

Eldbjørg Mjanger

Invitasjon: Min salme



Salmane med både ord og tonar talar til oss på ein heilt eigen måte. Melodien kan treffa ein streng inni oss med gjenklang i sjela vår. Tekstane kan mala bilete. Enten dei er klare eller vase, kan dei peika på noko i oss. Noko som minner oss om at me er del av noko større enn oss sjølv.

Eg har mine favorittar. Det å høyra andre sine opplevelingar og minne ikring sine salmar, gjev meg ei opning til skattar eg ikkje har sett. Å syngja saman er verdifullt i seg sjølv og er nok viktigare enn me er klar over.

Kyrkja i Masfjorden inviterer deg til å dela «Min salme». Du er kanskje så gamal at du lært og song mange salmar kvar dag på skulen, du er kanskje så ung at du knapt kan ein salme. Du har kanskje ei tru på Jesus, kanskje du tvilar, kanskje du ikkje har ei tru. Du er uansett velkommen til å dela «Min salme» i Masfjordingen.

Kva kan det innebera å dela «Min salme» i Masfjordingen?

Du vel ut ein salme, ein salme du likar. Du skriv litt om denne salmen. Send det du har skrive, gjerne eit bilde av deg sjølv og eventuelt eit bakgrunnsmotiv til underteikna, som er ein kontaktperson for bladet. Oppmora gjerne andre til å dela sin salme!

Her er nokre spørsmål, berre som hjelp til å koma i gang:

- **Kva minner har du til denne salmen?**
 - o Korleis lært du den? Av kven eller kvar?
 - o Kva samanhengar har du sunge den?
- **Fakta om salmen og dei som står bak den**
 - o Forfattar
 - o Komponist
 - o Alder
- **Kva strofe betyr mest for deg?**
- **Kva legg du i meiningsa med denne songen?**
- **Kva betyr den for deg?**
- **Kva betyr den for deg, di tru eller livet ditt?**
- **Kva gjer det med deg å syngja denne salmen?**

Bruk berre dei spørsmåla som talar til deg! Nedanfor er eit døme på «Min salme» fra Kyrkjabakken, Austrheim sokn sitt kyrkjelydsblad.

Tekst:
Helga Ekehaug,
trusopplærar

Min salme av Per Lerøy

Eg har vorte oppmoda om å plukka ut ein salme som er tykkjer om og knytta nokre ord til denne. Oppdraget var ikkje enkelt, for me har eit rikt utval af fine salmar, men etter å ha vore i tenkjhøkisen nokre dagar, landa eg på «Å leva, det er å elskas». Dette er ein salme som vert mytt blide i bryllaup og gravferder. Det er først og fremst teksten i denne salmen som gjør at dette vert min salme. Teksten er enkel og bodskapen tydeleg og klar. Eg føler at denne salmen gir klare signal om kva som

er viktig i livet og kva me skal leggja vekt på i vårt virke. Etter mi meinig passar teksten særleg godt for oss folkevile som skal vera ærlige og skikkelege omhodspersonar for innbyggjarane våre. «Å leva, det er å elskas» lært me oss tidleg i barnekulen, men for mit del er det først i voksen alder at eg heilt har forstått djupna i teksten.

Salmen vart skriven av Andreas Vassbøn i 1893. Han var frå Volda, var diktar, lokal- og rikspolitikar og gardbrukar.

Å leva, det er å elskas
det beste du sjeld fekk nå,
å leva, det er i arbeid
mot riukare mål og trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd,
å leva, det er å vinna
til samsing i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav, å leva,
det er som havet å
speglia Guds himmel av.



Litt meir om orgelet i Frøyset kyrkje

I forrige nummer av «Masfjordingen» skreiv eg om orgelet i Frøyset som dessverre syng på siste verset. Ein skulle tru at eg denne gongen kom til å skrive neste verset på ein trist klagesong – utan tonefylgle. Men slik er det ikkje:

Ein søndags ettermiddag for ei tid attende fekk eg ein telefon frå ein person her i bygda som gjerne ville gi ein svært raus pengesum for å hjelpe til med å finansiere innkjøp av nytt orgel. Det gjorde at Fellesrådet kunne be kommunen om hjelp til restfinansiering av eit slikt kjøp.

I skrivande stund er søkeren ikkje handsama av formannskap og kommunestyre. Men dersom politikarane våre vender tommelen opp for prosjektet og vedtek ei ekstraløyving for å få orgelet ferdigfinansiert, kan orgelnemnda gå i gang med å finne ei god løysing, og ein leverandør som kan få orgelet på plass.

Orgelnemnda har alt starta dette arbeidet. Vi har knytt til oss ein dyktig orgelkonsulent, Matthias Becker. Han skal hjelpe oss med å formulere dei krava vi bør stille til eit orgel som kan passe i Frøyset kyrkje. Etterpå skal han vere med og evaluere tilboda vi får, og vi kan også søkje hjelp hos han når orgelet skal installerast i kyrkja og tilpassast akustikken i rommet.

Nemnda ser for seg at det nye orgelet i Frøyset vert noko mindre enn det som står der i dag, med færre stemmer. Til gjengjeld ynskjer nemnda at orgelet skal klinge godt i rommet det skal stå i, og vil prioritere det framfor eit orgel med mange stemmer.

Går det slik vi vonar, og kommunestyret vedtek å hjelpe til med restfinansieringa, er det meiningsa at anbodsinnbydinga går ut i byrjinga av desember. Då kan vedtek om innkjøp gjerast tidleg på nyåret, og så får vi sjå kva som kjem først: orgelet inne i Frøyset kyrkje, eller lauv på trea utanfor kyrkja.

Då eg snakka med den glade gjevaren, fortalte ho at ho gjerne ville bidra til at det kom nytt orgel i kyrkja, av di ho hadde så stor respekt for dei som i si tid hogg og skar tømmer til kyrkja, og på ulike andre måtar gjorde ein stor og heilhjarta innsats for at vi skulle få reist ei kyrkje på neset på Frøyset. Dette var hennar måte å heidre desse på. Kan hende er det fleire som tenkjer slik? Og kan hende er det andre som kan ha lyst til å bidra til at kyrkje igjen kan verte fylt med orgelklang? Det er det sjølv sagt høve til. Dette kan gjerast på to måtar:

Det er opprettet ein konto der alle midlane er øyremerket orgelprosjektet i Frøyset. Kontonummeret er 3635.44.12807.

Det er også mogleg å nytte Masfjorden sokn sin Vipps-konto, som har nummeret 620513. Merkar ein overføringa med Orgel Frøyset, vil kyrkjeverja sjå til at desse midlane vert ført over til orgelkontoen.

Så kan vi alle sjå fram til dagen då det vert vakker orgelmusikk å høyre i Frøyset kyrkje.

Tekst: Rune Garmann

Foto: © Andrea Don

Gruer seg til iskald vinter

For å halda på varmen, bur småbarnsfamilien i eit lite rom i teltet. Det var ikkje framtida dei såg for seg då dei flykta frå Syria for åtte år sidan.



Weedad Ahmad Al-Khalaf sit utanfor teltet til familien i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaaalen i Libanon. Rett bak ragar fjella til heimlandet Syria, ei dagleg påminning om livet som var. Landet ho måtte flykta frå for åtte år sidan.

- Livet er veldig vanskeleg for oss og vi bekymrar oss mykje for barna våre, seier ho stille.

Tre fødslar i flyktningeleiren

Før dei flykta til værutsatte Bekaa, med iskalde vintrar med mykje snø, budde ho i Um El Jurayn ikkje langt frå Aleppo i Syria. Krigen gjorde det farleg å bu der, så farleg at ho til slutt måtte flykta saman med ektemannen Mohammed Hassan Ibrahim og svigermora Serie i 2012. No deler dei skjebne med 70.000 andre syriske flyktningar i dalen.

Familien på tre har vorte til seks. Tre barn er fødde i flyktningeleiren. Eldstemann Yousef vart fødd for fem år sidan, deretter kom lillebror Aus, som er tre år, og til slutt veslejenta Talia på eitt år.

Alle barna våre har vakse opp her, fortel Mohammed. Noko som fyller både han og Weedad med stor sorg.

- Dagane deira går med til leik, fotball og spel. Bortsett frå det så er det ikkje så mykje for dei å gjera her. Ikkje har dei skule her heller, eg er redd barna våre må veksa opp som analfabetar.

Vinteren er lang og kald i dalen.

- Kulda og store snømassar skaper problem for oss. Vi har ikkje råd til å dekka til teltet med isolerande vern, for det er så dyrt. Derfor blir det veldig kaldt for oss, fortel Mohammed.

For å halda seg varme, bur dei på eitt rom.

- Der varmar vi opp, men i år er brensel ei mangelvare her i dalen. Prisane på brensel aukar, så det er vanskeleg å fyra, forklarer han.

Frå Kirkens Nødhjelp har dei fått tilgang til reint vatn og hygienepakkar.

- Vi har reint vatn her i teltet i tillegg til at vi får hygienepakkar. Vi har også fått mykje informasjon om korleis vi kan ta vare på oss sjølv for å unngå sjukdom, seier Weedad.

Dei hadde fått både vatn og hygieneartiklar før covid-19, noko ho er veldig glad for.

- Det har vore så viktig for oss at vi har hatt tilgang til vatn og såpe. Det bruker vi jo heile tida, seier ho.

Behova er store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon.

Du kan vera med å hjelpe familiar i nød og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Vi sørger for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly. Samtidig jobbar vi på spreng for å forhindra spreiling av covid-19.

- **Slik gir du årets viktigaste julegåve:**
- **Vipps eit valfritt beløp til 2426.**
- **Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.**
- **Gåvekonto: 1594.22.87248**

Kirkens Nødhjelp er norske forsamlingars eigen humanitære organisasjon, og har jobba i Libanon



Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymra for framtida til dottera Talia på eitt år. Det er ikkje noko for dei å gjera i flyktningeleiren i Bekaaalen, og dei har heile livet på vent.

sidan 2013. Der jobbar vi med vatn, sanitær, hygiene og kjønnsbasert vald. På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ein massetilstrømming av flyktningar. Storleiken på flyktningpopulasjonen har ført til ein auke av befolkninga i landet på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, fast avfall og elektrisitet og dessutan tilgjengelege offentlege tenester, særleg i helse- og utdanningssektorane. Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar 3 208 800 tilgang på trygt vatn. Dette kan føra til alvorlege helserisikoar og eksponering for sjukdom, særleg under overbefolkede leveforhold som enkle teltbusetjingar og husrom av dårlig kvalitet.

Av: Anette Torjusen
Foto: João Sousa



Konfirmantane deler ut lys og brosjyre

Laurdag 31. oktober tok konfirmantane Andreas og Thea turen til Nærbutikken Kvingo. Her delte dei ut lys og brosjyre om førstehjelp ved sorg. Brosjyra gjev tips til korleis kan me støtta vår neste som er i sorg. Dette diakonale tiltaket, å vera til teneste for vår neste, er knytt til helgemessesundag 1. november. Då minnest me våre kjære som har gått bort det siste året. Nokre kundar var skeptiske i møte med konfirmantane, men dei fleste var positive – spesielt då konfirmantane med eit smil presiserte at dette var ei gave til kvar enkelt.

Fem flinke konfirmantar delte ut lys til mange som vart både overessa og glade ved Spar butikken på Hosteland. Òg ved butikkane i Andvik, på Sandnes og Haugsvær delte konfirmantar ut brosjyre og lys i lysøskjer med påskrifta:

Tenn eit lys! Til minne om nære og kjære. I bøn og takksemd. For eigen ro og ettertanke. Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det. Johannesevangeliet 1,5

Aril Andvik, Ragnvald Tangedal og Britt Nordland, sokneråd og kyrkjelyd



Bryt stilla
Innspiringe ord om vennskap og hjelpewil til å inspirere til å dela ut lys og brosjyre. Sjekk ut desse innspiringe ordene i brosjyra for å finne ut hvilke ord du liker best!



På dei neste sidene kan du lesa om Reidun Kvamsdal og Terje Rasdal. Felles for dei er at dei har hatt heile si yrkeskarriere i Masfjorden kommune, at dei har sett sitt preg på sine sektorar, at dei er passert 70 og og at dei i sommar, etter fleire år med «nedtrapping», kjende seg klare til å ta steget inn i pensjonistane sine rekkjer.

- Det er alltid noko å engasjera seg i dersom ein vil

Dei aller fleste av oss har møtt ho. På Nystova på sjukeheimen, i heimesjukepleien, som helsesøster eller i lagslivet. Alltid smilande, alltid engasjert og alltid med eit stort hjarte for dei rundt seg.

Reidun Kvamsdal har arbeidd i Masfjorden kommune heilt frå 1977 og fram til i år. Då vart ho pensjonist på heiltid. Gjennom desse åra har Reidun vore med på å «farga» helsetilbodet i kommunen vår.

Reidun var ferdig utdanna sjukepleiar i 1970.

- Eg tok sjukepleiarutdanning fordi eg bryr meg om folk, fordi eg likar å vera saman med folk og fordi eg alltid har vore oppteken av å kunne hjelpe andre. Etter fullført utdanning hadde eg eitt års plikt-teneste ved Engen sykehjem i Bergen. Etter det var eg heimeverande med små born. På den tida var det berre tre månader svangerskapspermisjon, så det var vanskeleg å kombinera morsrolla med å vera yrkesaktiv.

-Heile mi yrkeskarriere har vore i Masfjorden kommune, fortel Reidun. I 1977 tok eg til på Matre legekontor der eg arbeidde ein dag i veka. Den gong låg legekontoret på Matre skule.

Mykje har endra seg sidan den gong, særleg kommunikasjonane.

-I 1978 starta Masfjorden kommune heimesjukepleie med to halve stillingar, der eg vart tilsett i den eine. Dette var før Masfjordvegen var bygd. Skulle eg på oppdrag ut i fjorden var det ferje frå Solheim til Duesund eller Sandnes og returnen gjekk over Verkelandshøgda til Brekke og vidare heimatt. Det kunne verta lange dagar.



-Kommunen opplevde store positive endringar når Masfjordvegen, Austfjordvegen og Eikefet-tunnellen kom. Før den tid var det ofte doktorbåten til Sævråsvåg og sjukebil derifrå når nokon skulle til sjukehus. Ikkje sjeldan fekk ein i heimesjukepleien i oppdrag å vera følgje på båten. Spesielt dersom det var fødsel på gang var det ein lettelse å koma til Sævråsvåg utan at det hadde skjedd noko.

- Og så må eg fortelja om den første mobilen me fekk kjøpt inn midt på 80-talet. Innkjøpet var ei enorm forbetering når det gjaldt kommunikasjon. Men telefonen kostar den gong 25 000 kroner, så det var ei stor investering. Eg hugsar at helselaga hjelpte oss med den rekninga.

- Eg var også innom helsesøsterjobben i to år. I 1994/95 tok eg vidareutdanning i psykiatri og fekk deretter stilling som psykiatrisk sjukepleiar i kommunen. Denne stillinga hadde eg fram til den nye sjukeheimen vart teken i bruk i 2001. Då var eg så heldig å verta tilsett som leiar på den nyoppredda avdelinga for personar med demenssjukdom,

«Nystova», og sidan har eg vore der. Dei siste åra i helgestilling og som ringjevikar.

-Du har vore gjennom mange endringsprosessar i alle desse åra. Kan du fortelja litt om dette?

-Ja, eg har fått delteke i mange omorganiseringar. Nokre til det betre, men ikkje alltid, og noko er omorganisert attende til utgangspunktet.

-Spesielt i heimesjukepleien har det vore store og gode endringar. Ressursbruk og bemanning har auka jamt og trutt utfrå etterspørsel og auka krav frå myndigheter, brukarar og arbeidstakrar. Som kontrast til dagens standard så hadde ein tidlegare ikkje fast oppmøteplass med pauserom. Kontor og lager hadde ein heime og nista å ein i bilen. Men ting kom på plass etter kvart. Her har det heile tida vore utvikling og forbeteringar, heldigvis.

-Kva med legetilbodet i kommunen?

- Eg hugsar at før 1990 var legetenesta svært ustabil. Mange vikarlegar og skifting av turnuslegar var ikkje alltid like lett å forhalda seg til. Folk i Masfjorden er spesielt heldige som har hatt så god og stabil legeteneste sidan den gong, seier Reidun.

-Korleis ser du tilbake på arbeidskarrieren din her i Masfjorden?

- Eg er glad for å ha vore med på utvikling på ulike felt i kommunen. Spesielt har tida på «Nystova» gitt meg mange fine stjernestunder som det er veldig kjekt å tenkja tilbake på.

Kva eigenskapar meiner du er viktige å ha innan helse- og omsorgssektoren, og kva trur du er viktig for å kunne gje gode tenester innan denne sektoren i Masfjorden for framtida?

-Ein må lika å samhandla med folk. Ein må vera engasjert, trivast og vera på brukarane si side.

-Det vil alltid vera viktig med ein god personalpolitikk. Då får ein positive og engasjerte tilsette. Som leiar og arbeidsgjevar betyr det utruleg mykje å sjå kvar enkelt og kva dei er gode på, og gje dei oppgaver ut frå det.

Kva tenkjer du om å bli pensjonist?

-No har eg vore så heldig at eg har kombinert pensjonistlivet med litt arbeid nokre år, så overgangen vert ikkje så brå. Men eg kjem til å sakna kollegaer og ikkje minst dei som bur på Nystova.

-No brukar eg tid på familien og så er eg engasjert i Haugsvær helselag og Nordhordland demensforening.

-Det er alltid noko ein kan engasjera seg i dersom ein vil, avsluttar Reidun.

Tekst: Arbeidsgruppa
Bilete: Privat

Kulturskulen ute med jubileums-cd



Kulturskulen er 40 år i år og markerer dette mellom anna med å gje ut ny cd.

Plata har fått namnet «HIGH FIVE», og tittelen markerer feiring, i tillegg til at dette er den femte CD-utgjevinga til kulturskulen. Tidlegare utgjevingar er «Nr.1», «TO», «TRE og JULE-TRE» og «Fire».

Heile 22 spor med flotte elevinnslag har fått plass på plata. Du kan gleda deg til å høyra mange kjende songar og melodiar, nokre meir ukjende og nokre heilt nye, framført av dyktige elevar i alderen 7 år til vaksne ungdommar.

Cd-en kostar kr 150. Utøvarane sjølv vil selja cd-en frå desember av og du vil også kunne kjøpa cd-en i daglegvarebutikkane i kommunen eller bestilla direkte gjennom å kontakta kulturskulen 56 16 62 00.

Helsing kulturskulen

- Eg har hatt ein trygg og god arbeidsplass

Terje Rasdal har hatt heile si arbeidskarriere i Masfjorden kommune. Som 22-åring kom han nyutdanna til Sandnes skule. I mai runda Terje Rasdal 70 år og i juni var det tid for å pensjonera seg. Denne teksten er ein kombinasjon av eit intervju eg gjorde med Terje i 2016 og ein prat no i haust.

Kan du fortelja litt om deg sjølv, Terje ?

Eg er fødd i 1950 på en fjellgard i Rasdalalen, som ligg i gamle Evanger kommune. No hører Rasdalalen til Voss kommune. Eg er eldstemann, og så har eg ein bror og ei syster. Fjellgarden ligg ca. 400 m.o.h. Den dagen eg vart fødd, køyrdet den fyrste bilen opp i Rasdalalen med jordmora. Eg gjekk på realskule på Voss, og så gjekk eg 4 år på lærarskulen på Stord.

Kor tid kom du til Masfjorden?

I august 1972 kom eg til Masfjorden. At eg kom til Masfjorden var tilfeldig. Eg søkte og fekk jobb både på Sotra og i Masfjorden. I år er det 44 år sidan eg byrja i jobben min i Masfjorden, så eg føler at det er her eg hører til. Her er det både fjord og fjell, og det er viktig for meg som er glad i naturen. Eg brukar ein god del av fritida mi i skog og i fjell. I tillegg held eg meg i form med å gå fjellturar, det er nok ikkje utan grunn at slekt og venner kallar meg for Fjellanten.

Kva var grunnen til at du begynte å spela kassegitar?

Då eg var 18 år begynte eg på lærarskulen på Stord. Der hadde eg ein dyktig musikkclærar som heitte Egil Sirnes. Det var han som lærte meg å spela gitar. Etter det fekk eg interessa for gitarspeling.

Når fekk du din fyrste gitar og korleis såg den ut?

Min fyrste gitar kjøpte eg på Voss då eg lærte å spela gitar i 1969. Det var en finsk kassegitar, og merket var Landola. Eg har framleis gitaren og den verkar enno, men den er godt sliten. Eg tar den fram av og til.

Er det andre spesielle grunnar for musikkinteressa di?

Då eg var 13 år i 1963, fekk eg auga opp for den nye musikken. Då kom Beatles med «She loves you». Eg følgde med i avis New Musical Express, som var ei avis om musikk og plater som kom ut. Dette var gitarbaserert musikk, og det er gjerne grunnen til at eg vart spesielt oppteken av gitar. Eg har alltid vore glad i pop, rock, viser og jazz. Eg hører på mange ulike former for musikk, men eg er nok påverka av den musikken som eg vaks opp med. Viser har eg alltid vore



interessert i, og det er ofte det eg framfører når eg sjølv skal opptrer.

Kva er favorittgruppa/favorittartisten din?

Vanskeleg å velja ut, men eg lyt nok ta med Beatles, Kinks, The Who, Rolling Stones og Pink Floyd. Når det gjeld artistar, kan eg nemna visesongarar som Geirr Lystrup, Terje Nilsen og Lars Klevstrand.

Veit du kor mange gitarstrenger du har roke i løpet av alle dei åra du har spelt?

Strengene på klassisk gitar ryk ikkje så ofte, men spesielt den tynnaste strengen på el-gitaren ryk oftare. Eg trur ikkje eg har roke meir enn 100 strenger, men eg har skifta tusenvis av gitarstrenger både her på skulen og på andre sine gitarrar. Når alt går greitt, klarer eg å skifta eit strengesett på 10 minutt. Elles har eg opp

gjennom åra kjøpt inn gitara til mange heimar her i Masfjorden.

Kva har jobben din gått ut på som lærar både i skulen og i kulturskulen?

Eg har to fagområde, matematikk og musikk. Gjennom tida mi på Sandnes har eg jobba på alle klassetrinn frå 1. til 10. klasse. Tidlegare var eg og inspektør på skulen. Som lærar tykkjer eg det alltid har vore viktig å vera litt kreativ og finna nye innfallsvinklar for undervisninga.

Du har alltid vore med og spelt og ordna til lyd og lys på ulike arrangement her i kommunen.

Kva er det som gjer at du alltid har vore så engasjert i kulturlivet her i kommunen?

Eg får så mykje igjen for å hjelpe til. Eg får betalt ved å oppleve elevene opptrer på konsertar og andre program. Det gler meg stort å sjå når elevene opplever meistring, at dei lukkast og får meir tru på seg sjølv. Eg skulle nok ha ønskt at eg også hadde hatt ei lydteknikarutdanning, på det området er eg for det meste sjølvlært. Men me var tidleg ute med å kjøpa lydutstyr til skulen, for det er viktig med god lyd. Sandnes skule har hatt mange samlingar, program, konsertar og grennahusprosjekt opp gjennom åra, og då står lyd og lys sentralt. No er det godt å oppleve at det her i kommunen er fleire dyktige personar som kan ta over stafettpinne på dette feltet. Eg vil også seia at dersom me skal ha eit livskraftig lokalsamfunn, så er det viktig at me engasjerer oss i aktivitetar, lag og organisasjonar.

Kor lenge har du undervist i kulturskulen?

Eg har undervist der så lenge den har eksistert, det vil seia frå 1979, med gitarundervisning på Nordbygda, Matre og Sandnes.

Korleis fekk du interesse for matematikk?

Eg fekk interessa mi for matematikk då eg gjekk på realskulen. Der hadde eg ein streng mattelærar med god struktur. På lærarskulen hadde eg ein spesiell mattelærar som var utruleg flink til å formidla lærerstoffet. Eg vart inspirert av han og fekk meir og meir interesse for matematikk. Då eg begynte å jobba som lærar, tenkte eg på korleis mattelæraren min på Stord klarte å skapa engasjement for faget. Så eg sa til meg sjølv at eg i mitt lærararbeid skulle prøva å vera ein tydeleg formidlar, vera godt førebudd – og vera punktleg.

Veit du kor mange elevar du har hatt i musikkskulen og som elevar på skulen?

Eg har hatt veldig mange elevar, men som matematikklærar får eg seia at det er x antal elevar eg har hatt. Eg har også hatt dei aller fleste av elevane i musikk gjennom desse åra.

«Jul på Sandnes», kan du seia litt om det?

Juleavslutningane på Sandnes skule har vorte ein tradisjon der me presenterer eit gjennomarbeidd program. Programmet vert avslutta med fellessongar der alle elevane er på scena. Eg skreiv for godt og vel 20 år sidan ein tekst til Salhusvinskvetten sin melodi om «Jul i Råtholo». Denne songen har så vorte eit fast innslag på juleavslutningane her på skulen.

Eg har alltid fått inntrykk av at du likar å gå på fjellet. Kva er det som gjer at du likar dette så godt, og kvifor er du så engasjert i fjelltrimpastane?

Eg er oppvachsen på ein plass med mykje fjell og skog. Så den interessa har eg tatt med meg vidare. Anten det er sommar eller vinter, om ein går på ski eller til fots, så opplever ein så mykje i naturen. Eg ser dyr og fuglar, eg fiskar i fjellvatn, eg plukkar molter, eg ser etter sauver og eg går på jakt. Det er god avkopling frå kvardagen å koma seg ut. Når eg går påturuar, kan det gjerne koma mange gode idéar, og kanskje også tekst til ein song. At eg er engasjert i fjelltrimpastane, er fordi eg meiner det er viktig å oppleve naturen, verta kjent i skog og fjell, og så er også viktig med fysisk aktivitet.

Kva er den finaste tuopplevinga du har hatt?

Eg har hatt utruleg mange fine tuopplevingar. Viss eg skal velja ein, må det vera februar i 1974. Då var eg en månad i Fairbanks i Alaska, det var utveksling mellom ein norsk og ein amerikansk tropp. Her opplevde eg blant anna -54 grader, og med ein slik temperatur måtte me gå med ansiktsmasker. Eg gløymer aldri den fantastiske naturen dei hadde der. Eg vil også nemna at eg hadde mange flotte turar då eg var i militæret i Troms.

Kva er ditt favorittfjell her i kommunen og eventuelt andre stader?

Favorittfjellet her på Sørsida er nok Torhågjen, og eg vil også ta med Grønestølane. I dei områda likar eg å gå. I Rasdalsfjella er Mykkeltveitsvenn et fjell eg ofte har som mål.

Korleis har overgangen til pensjonisttilværet vore ?

Overgangen har gått greiare enn det eg trudde på førehand. Eg har også førebudd meg på dette, og det var naturleg for meg å å slutta no når det er kome ny læreplan i grunnskulen. Sidan eg bur så nær skulen, kan eg også ta meg ein tur oppom og snakka med kollegaer og elevar når saknet vert for stort.

Kva ynskjer du å bruka tida på ?

Det er om å gjera å vera i aktivitet, og då har eg mykje som eg kan halda på med. Det er å hjelpe Berit på kaféen, organisera Fjelltrimmen, turar i skog og fjell, treningsturar, jakt og fiske, vera leiar for Rasdalens grendalag, og ikkje minst speling og musikk. I tillegg er det kjekt å vera bestefar, og å besøka og få besök av slekt og venner. Hytta i Rasdalens må eg også nemna, den har fungert som eit mentalhygienisk rekreasjonsrevir.

Kva er det som gjorde at du jobba til du vart 70 år?

Eg følte det slik at eg framleis hadde noko å gje i arbeidet mitt. Så har eg også hatt ei god helse og har vore lite sjuk. Det har heller ikkje vore noko

minus for meg å vera i fysisk operativ tilstand. Eg vil også seia at Sandnes skule har vore ein trygg og god arbeidsplass, heilt sidan eg starta yrkesliivet mitt her i 1972. Eg har også sett stor pris på å jobba i lag med andre, det er då eg synest at me får gjort mest. Juleavslutningane og grendahusprosjektet er to eksempel på dette. Elles synest eg det er greitt å hjelpa til der det trengst, anten det gjeld dugnad, lydstyring, underhaldning, turleiar eller festleiar.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Berit Lygre

Nytt nummer av Fjon frå fjell til fjord...

... er no på veg til ein forretning nær deg – eller til postkassa di, om du heller vil det. Innan fyrste adventshelga reknar vi med å ha fått levert 2020-heftet frå trykkeriet, og at dette er ekspedert rundt om til butikkane i kommunen. Det vil også vere mogleg å bestille heftet frå Masfjorden kommune. Då vil porto og eit lite ekspedisjonsgebyr kome i tillegg.

Årets hefte er med sine 144 sider det tjukkaste og mest innhaldsrike heftet vi til no har laga. Vi har i år hatt 75-årsjubileum for avslutninga av andre verdskrigen, og dette har fått setje sitt preg på heftet:

Då Bjørn West-muséet feira 25-årsjubileet sitt i oktober i fjor, heldt Dr. juris Hanne Sofie Greve ein tale der innsatsen til Bjørn West vart sett inn i ein større krigshistorisk samanheng. Vi er glade og takksame for å ha fått lov til å gjengi denne talen her.

Vi har også med to artiklar om folk frå Masfjorden som gjorde ein stor innsats som sjøfolk under krigen.

I 1995 laga vi her i kommunen ei «avis», eit hefte på åtti A4-sider med tekstar skrivne og illustrerte av elevar i grunnskulen. Til dette nummeret har vi gjort eit lite utval av tekstane frå den gongen.

Eit anna hovudtema for årets hefte er dikt og songar skrivne av lokale krefter. Her finn ein muntre revyviser, religiøse songar, og dikt i andre sjangrar.

Og elles finn ein artiklar om brislingfiske, fabrikkdrift, sportshistorie og mykje anna.

Av di heftet er blitt sopass tjukt – og kostnadane har auka tilsvarende – har vi sett oss nøydde til å auke prisen på heftet til 200 kr. Vi vonar at folk vil finne ut at heftet framleis er pengane verd.

Pengane ein tener på årets bøker, er med på å finansiere bøkene ein trykkjer til neste år. Og lat det vere sagt med ein gong: Med alt stoffet som vi ikkje fekk plass til i dette nummeret, er utsiktene til at det skal kome eit nytt hefte i 2021, så absolutt til stades.

Då kan vi berre ynskje alle gode lesestunder med årets hefte.

For redaksjonen
Rune Garmann



Nordbygda skule markerte FN-jubileum

Laurdag 24. oktober var det 75 år sidan FN blei oppretta. Det viktigaste målet med FN i 1945 var å hindra framtidige krigshandlingar, og det har faktisk ikkje vore krigshandlingar mellom stormaktene i verda sidan FN vart oppretta.

I veka før sjølv dagen vart jubileet markert på ulikt vis frå 1. til 10. klasse på Nordbygda skule. Ungdomsskulen har hatt FN som tverrfagleg emne denne hausten. Som del av dette laga elevrådsrepresentantane Natalie Myklebust og Vilde Haukeland ein appell som dei las for alle på skulen i samband med heising av FN-flagget. Clara Brandt og Synnøve Torsvik Størkersen spelte ein flott flaggfanfare under markeringa.

Her kan du lesa appellen til Vilde og Natalie:

FN-appell

Gratulerer med dagen! I dag feirar vi FN-dagen og at det er 75 år sidan FN vart danna.

FN arbeider for å gjera verda til ein betre stad for alle menneske. FN er spesielt oppteken av at alle barn skal vera trygge, kunne få gå på skule og eta seg mette. Samstundes veit vi at det ikkje er alle som har det trygt og godt. Tusenvis av barn og unge må flykta frå landa dei bur i fordi det ikkje er trygt å bude. Andre stader er det barn som må begynna å arbeida medan dei enno er små, fordi familien lever i fattigdom. Kanskje får dei ikke eta seg mette kvar dag, eller kanskje får dei ikkje gå på skule slik dei eigentleg har rett til og lyst til.

På nyheitene hører vi ofte om det som ikkje fungerer i verda, og om dei menneska som har det verst. Difor må vi ikkje gløyma at det er mykje bra som skjer i verda, og. I løpet av dei 75 åra FN har eksistert har organisasjonen bidrege til å beskytta flyktninger, unngå krigar, gje mat til menneske som sultar og sytt for at barn får naudsynte vaksinar. Faktisk er det mange fleire barn i verda som får gå på skule i dag, enn då foreldra deira gjekk på skule. Det er også færre menneske i verda i dag som lever i ekstrem fattigdom. Dette viser at samarbeid nyttar, og at alle land i verda må halda fram med å arbeida saman for at verda skal bli ein betre stad.

Barn og unge i dag gir også tru på framtida. Det siste året har vi sett barn og unge som seier klart ifrå når urett skjer. Vi har sett barn og unge som streikar fordi vaksne ikkje gjer nok for klimaet, eller som protesterer i gatene når andre opplever rasisme.

Hald fram denne kampen
- og gratulerer med FN-dagen!

Tekst og foto: Geir Follesø, Nordbygda skule
Appelltekst: Vilde Haukeland og Natalie Myklebust





Feststund med Sandnes skulemusikk

I år er det 50 år sidan Sandnes skulemusikk vart stifta. Koronapandemien har gjort det vanskeleg å markera jubileet slik som laget ønskte, men 18. oktober var det duka for stor jubileumskonsert på Fjon grendahus.

Det vart eit fyrverkeri av ein konsert. Jubilanten sjølv var i storform og med seg hadde dei gjestar som på sitt vis sette ekstra farge på kvelden.

Alt i første låt fekk me ei aning om at dette ville verta ein heidundrande konsert. Med «Gonna fly now» fra Rocky-filmene tok det bokstaveleg talt av frå første tone, og gjestesolist Jon Martin Skauge løfta låten til uante høgder med sitt elleville gitarspel.

Vidare fekk me høyra ein livleg samba som det svinga skikkeleg av, før sjarmerande aspirantar akkompagnert av skulemusikken roa det heile ned med Ludvig sitt tema frå Flåklypa-filmene. Dei 6 unge musikantane viste at det ser lyst ut på rekrutteringssida for 50-årsjubilanten.

Aspirantane var frampå i ulike samanhengar gjennom konserten. Mot slutten varta gjengen opp med afrikanske rytmar, heftig dans og flott samspel med skulemusikken og Jon Martin i Kongolela. Dette svinga det verkeleg godt av!

Skulemusikken hadde fleire gjesteartistar på lur denne kvelden. Dei tre tidlegare korpsmedlemmene Marte og Silje Kvamme Andersen og Trine Ekren var songsolistar i tre Grease-låtar, og gjorde flotte framføringer av «The One That I Want», «Greased Lightning» og «Summer Nights».

Jørn Skauge framførte eit pianostykke av Edvard Grieg. Jørn er ein ytterst begava pianist, og publikum kvitterte med langvarig applaus etter den virtuose framføringa. Går det an? Verdsklasse!

Og så var det Eirik Gjerdevik, då. Han bidrog som gjestedirigent, tubasolist og moromann. I løpet av to øvingshelger hadde han, musikantane og laget sin faste dirigent, Trine Villanger, finpussa jubileumsprogrammet. I konserten var han solist med skulemusikken i tre innslag.

I eitt av innslaga fekk alle i salen utdelt avisepapirhatt og måtte ståande bidra med song og bevegelsar medan Eirik framførte Min hatt den har tre kanter (Carnival of Venice) med alle dei halsbrekkande variasjonane, stødig akkompagnert av skulemusikken, og med instruksjonar til publikum frå aspirantane. Eit artig syn, ei heilt spesiell oppleveling og eit av høgdepunkta i konserten.

Mot slutten av konserten entra Eirik salen iført humle-kostyme, til stor latter frå publikum. Her vart han jakta på med



flugesmekkar storleik XXXXXL av dirigent Trine, men han kom seg unna «med livet i behald» og fekk framført «Humlens Flukt» saman med Jørn på piano.

Avslutningsnummeret var «Elektrisk» av Markus og Martinus med alle aktørane på scena. No kokte det i salen, og publikum dansa og song med. Lovisa Midtbø losa publikum trygt gjennom programmet. Ho er ein av dei som kjenner korpset si historie aller best, og gav interessante tilbakeblikk og artige historar frå dei 50 åra korpset har eksistert. Den livaktige skildringa av korpset si første framføring på julekonserten i 1970 var utruleg artig å høyra på. Likeeins dei opplevingane musikantane fekk dei åra skulekorps var eit av dei aller beste i landet, og fekk representasjonsoppdrag ute i den store verda.

Før skulemusikken kvitterte med ekstranummer fekk jubilanten helsingar frå ordførar Karstein Totland, Torill Torsvik Størkersen frå Nordbygda skulekorps og Aina Sleire frå Fjon musikklag. Leiari Lillian Andvik takka deretter alle aktørane, og heidra dei flotte musikantane som no utgjer Sandnes skulemusikk.

Det er ikkje så ofte ein opplever slike konsertar som dette, og det var så artig at det skjedde så mykje overalt i salen undervegs, og at programmet var så variert. Gjesteartistane briljerte, men først og fremst var dette skulemusikken sin kveld. Sandnes skulemusikk er eit lite skulekorps anno 2020, men med god hjelp frå nokre støttespelarar frå Fjon musikklag vart dette knallbra og ei verkeleg flott oppleveling.

Ein prat med dirigenten og leiaren

Etter konserten tok eg ein prat med dirigent Trine Villanger og leiari Lillian Andvik.

-Jubileumskonserten var skikkeleg kjekk, seier dei samstet! -Og så god stemning i salen!

- Det er viktig at ein får markert slike store jubileum, seier Lillian.

-Det har vore eit spesielt år også for skulemusikken med tanke på pandemien me står i, fortel Trine.- Det kan slita på motivasjonen å ikkje få spelt skikkelege konsertar for eit publikum. Difor var det ekstra stas at me fekk til jubileumskonserten og at så mange publikummarar fann vegen til Fjon grendahus.



-Skulemusikken var også heldig å få med seg både forsterkningar frå Fjon/foreldregruppa, Jørn og Jon Martin Skauge, fantastiske songarar og moromannen Eirik Gjerdevik. Dette løfta konserten til eit heilt anna nivå, synest eg. Me er heldige som har slike ressursar i Masfjorden, seier Lillian.

-Korleis er det å vera dirigent i dag, Trine?

-Det er utfordrande å vera dirigent for skulemusikken. Me er få musikantar til vanleg og det er difor ikkje alltid heilt enkelt å finna musikk som passar til vår besetning. Me er veldig avhengige av at alle kjem på øving for at me skal få til å spela musikken me har tenkt. Samstundes har me det utruleg kjekt i lag. Det at kvar og ein er så viktig, gjer det også veldig kjekt å vera på øving. Alle må bidra for at resultatet skal bli bra. Me ler mykje og brukar ofte tid i pausen på å sjå youtube-videoar med anten veldig stilig musikk eller noko me synest er rart eller morosamt.

-De har sjølv spelt i skulemusikken tidlegare. Har de ei historie frå skulemusikktida?

Trine:

-Eg hugsar ein gong me skulle spela konkurransen. Det var under skulekorps-NM i Stavanger, i den vesle konsertsalen i Bjergstedparken. Me hadde øvd veldig mykje på musikken me skulle spela og var frykteleg spente då me vart ropt opp og skulle gå inn på scena. Me hadde allereie høyrd på nokre av dei andre korpsa og det såg skikkeleg stilig ut då dei marsjerte inn på scena i tur og orden. Men det å gå inn på scena hadde me heilt gløymd å øva på... Kva side skulle me gå inn frå? Kva stolrekke skulle me gå inn ved? Skal du eller eg gå først? Kaoset var komplett. Det endte med at me som gjekk inn først, gjekk inn på feil rekke og byrja å klatre over stolane for å komma på rett plass. Det såg nok unekteleg nokså komisk ut der "saueflokken frå Masfjorden" kom ramlande inn på scena. Men då me var komne på plass og alle hadde fått ein stol gjekk det mykje betre. Spelinga hadde me jo øvd på...

Lillian:

-Eg har mange gode minne frå tida i Sandnes skulemusikk. Det eg hugsa best frå mi tid i korpset var alle turane me reiste på, bussturane med lått og løye, at me kunne vera saman med eldre musikantar, reiste på sommarleir, og at ein fekk utvikla evnene sine på eit instrument. Det beste minnet eg har må vera då me kom på 1. plass med kammergruppa i NM, og velkomsten me fekk då me kom heim. Det var utruleg kjekt å få oppleva, det gav mykje glede.

-No er det kjekt å kunne få lov til å engasjera seg i ungane sine interesser. Eg har ikkje vore leiar så lenge, men å ha denne rolla går fint så lenge det er så mange andre positive og engasjerte foreldre å samarbeida med. No er me inne i eit « annleis» år med tanke på corona, men me vil likevel prøva å vere synlege, og å arbeida for ei god utvikling i Sandnes skulemusikk. Ekstra kjekt at me har mange dyktige aspirantar, det lover godt for framtida.

Tekst: Jo Ronald Mjanger



Sandnes skulemusikk 1973



Det var eit yrande liv på fotballbana på Matre denne siste laurdagen i oktober. 11 lag i alderen 1.-4. klasse var på fotballcup i regi av Masfjord fotballag. Fotball- cupen var for dei som går i 1.-4. klasse i alle skulekrinsane i Masfjorden og Gulen. Nabokommunane har eit godt samarbeid både på aldersbestemt fotball, junior fotball og seniorfotball.

Midt blandt glade, ivrige, smilande barn, jubelbrøl, heirop og pipande dommarfløyter finn me den nye leiaren i klubben, Arild Haugsvær. Han har gul vest på seg og er lett å få auge på. Han passar på at publikum får registrert sitt frammøte via QR-kode og ser til at alle har det bra. På grunn av covid 19 er det meir å passa på no enn tidlegare. Arild har tid til eit lite intervju.

Kan du sei litt om deg sjølv? Eg vart vald som leiari for fotballaget som eg har vore aktiv i mange år både som spelar og styremedlem. Eg er i ferd med å etablira meg på Sørsida av kommunen og er midt i husbygging saman med forloveden min og to born. Derfor ynskjer eg å bidra til at kommunen vert opprettholdt.

Kva tankar gjer du deg når du går rundt på cupen og ser på alle dei unge lovande fotballspelarane? Eg tenker at det ser ut som at dette er noko dei har lengta etter ei stund. Glade born som kosar seg med fotballspel. Og så tenker eg at fotballen har ei sentral rolle i folkehelsa her i kommunen. Ikkje berre når det gjeld fysisk aktivitet, for fotballen er også ein sosial plattform for born på tvers av skulekrinsane våre.

Marlene Haveland Molland frå Nordbygda og Sofie Lademo Ekren frå Sandnes har spelt kamp mot kvarandre.

Kva er det som er kjekt med fotball? Det er å få vera ilag. Dei syns det går heilt fint å tape, for alle kan ikkje vinne. Dei er på fotballcup for å ha det gøy!!

Aksel Kvinge og Amund Langhelle kjem frå Sandnes. Etter å ha talt opp finn dei ut at dei har scora 6 mål til saman, men har stor tru på at det blir fleire i løpet av dagen. Favorittlaget til Aksel er Tottenham og Amund heiari på Manchester



United. Begge to ser fotballkampar av favorittlaga på fjernsynet i helgene. Dei er litt usikker på om dei går for ein proff- karriere i England. Først skal dei spele serie i Masfjord fotballklubb.

Dette laget frå Matre gjer seg klar til ein ny kamp. Ingen føler seg trøytte eller er slitne i beina. Taktikken i neste kamp er å sentre til kvarandre og skyte på mål.



Frå venstre: Michael Moen Tverberg, Vegard Kjetland, Anne Pernille Oppedal, Lotta Haugsvær og Sofia Van der Velt Vågset.

Sola kom nok ikkje heilt ned på bana på Matre denne dagen, men vergudane var med på laget og det såg ut som alle held varmen. Dagen vart avslutta med premieutdeling.

Tekst og foto: Bente Kvamsdal Håvåg

Masfjorden har fått dagsturhytte

I løpet av det komande året får alle kommunane i Vestland dagsturhytte. No er Masfjorden si hytte komen på plass og klar til opning.



Kva er ei dagsturhytte?

Dagsturhytta er eit lågterskelttilbod for turgåarar- eit turmål, ein plass å ete matpakka si, ein stad å få litt varme i seg- og ein stad mange kan nå.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga/Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane. Alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane har alt fått ei slik hytte.

Utgangspunktet for dette prosjektet er visjonen i «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv»:

Fysisk aktivitet for alle.

Masfjorden si dagsturhytte

Masfjorden si dagsturhytta finn du i Grøttneset, mellom Mjanger og Kvingo. Hytta, som har fått namnet Fjordblikk, ligg vakkert til omgitt av sjø på tre sider. Hytta har eitt rom på ca 17 m², ein liten hems og har solcellepanel og vedovn. Hytta er utstyrt med eit minibibliotek med bøker til bruk på staden, for å stimulera til lesing og for å gjera kjend god nynorsk litteratur, hovudsakleg barnebøker. Rundt hytta er det bygd romsleg, universelt utforma terrasse med sitjeplassar. Det er utedo og vedskjul i tilknytning til hytta. På nordsida av hytta er det badestrand. Innafor badestranda er det islandstigningsplass dersom du kjem sjøvegen.

Sjølve hytta er det Stad kystbygg som har bygd og levert. Hytta kom som byggjesett med båt i september, og modulane vart deretter sett på plass ved hjelp av helikopter.

Kvinge grendalag i samarbeid med kommunen står for tilrettelegging av alt rundt hytta, med klargjering av tomt,

parkeringsplass, toalett, terrasse, tilrettelegging av stiar, strand, islandstigningsplass, skilting mm. Tilretteleggingsarbeidet heldt fram komande år.

Kommunen har inngått tilsynsavtale med Kvinge grendalag for hytta. Grunneigarar har stilt hyttetomt, parkeringsareal mm vederlagsfritt til disposisjon.

Korleis kjem du til hytta?

Ta av fra Fv 570 i Nord-Kvingekrysset. Deretter køyrer eller går du den kilometerlange kommunale vegen til Bakken til endes der det er skilta for parkering. Frå parkeringsplassen er det om lag 1,5 km å gå til hytta, først nokre hundre meter på skogsveg og deretter sti i lett terreng. Der skogsvegen sluttar på Flesbråtet deler stien seg og du kan velja stien over Flena eller gjennom Skarhellerdalen. Begge tur-rutene tek om lag 30 minutt i roleg gange.

Ønskjer du ein lengre og litt meir krevjande tur til eller fra hytta kan du ta turen rundt Kjeringatåna, ein om lag 3 km/ 1 times lang tur på sti langs Nord-Kvingevågen og Austfjorden. Starten på denne turen er der den nye båthavna på Bakken no blir tilrettelagt. Når du nærmar deg hytta møter du stien gjennom Skarhellerdalen, og følgjer denne vidare til hytta.

Ønskjer du å padla eller ro fram til hytta kan kaien på Nord- Kvingo og båthavna på Bakken vera fine utgangspunkt for turen.

Løypenett

Kvinge grendalag arbeider med å oppgradera løypenetet i området på vestsida av fylkesvegen. Laget har fått spelemidlar og støtte frå ulike fond til ein universelt tilrettelagt turveg frå Nord-Kvingekrysset over Stien til Bakken og der parkeringsplassen til dagsturhytta er. Vegen vil få lys. Arbeidet med vegen vil ta til i haust og anlegget skal stå ferdig i 2022. I samband med tiltaket vil det bli opparbeidd ein liten parkeringsplass i Nord-Kvingekrysset. I tilknytning til denne turvegen kan ein nyttar turstiane rundt Erhovden og Ospedalshaugane.



Grendalaget har starta arbeidet med å forlenga skogsvegen frå parkeringsplass på Bakken og heilt fram til dagsturhytta. Traséen ligg mellom dei to nemnde stiane frå Flesbråtet. Går alt etter planen vil ein i 2022 dermed også kunne nå hytta ved å sykla/trilla på 2,4 km universelt tilrettelagt turveg frå Nord- Kvingekrysset og fram til Grøttneset.

Bruk basert på tillit

Dagsturhytta vil stå ulåst og open for alle. Med dette legg ein opp til at **ein stoler 100% på dei som besøkjer hytta.**

Det er ikkje lov å overnatta i hytta, og det er heller ikkje kokemulighet i hytta. Rundt hytta er det flust med mulighetar for hengkøyovernatting. Det vil bli laga til grillplassar ute på Grøttnespynten.

Vaskevatn finn du i slangen utanfor inngangen. Dette er ferdig tilrettelagt våren 2021.

Treng du godt drikkevatn hentar du dette i elvosen nærst i Elvikastøa.

På utsida av hytta er det flotte sitjeplassar, nokre av dei overbygde med tak som ein slags gapahuk.

Når du besøkjer hytta

- skriv du deg i gjesteboka
- set du skoa i stativet utanfor døra. Jakkar mm kan du ev henga på knaggar i taket på dei to gapahukane på sidene av hytta
- kan du låna tjukkelabbar til å ha på inne
- kosar du deg

Før du går

- kostar du over golvet, og ristar ryer
- set du bord og benkar på plass etter deg
- tek du med alt boss heim, både inne og ute
- legg du saman teppe og ordnar putar
- set du bøker, spel og teiknesaker på plass
- stengjer du i ovnen
- lukkar du dører og vindauge
- kostar du golv og lukkar dør til utedo

Hundar skal ikkje inn i hytta. Hugs båndtvang.

Det er tørr ved, opptenningsved, kostar og vaskeutstyr i rommet til høgre for inngangsdøra.

Dersom du ser noko som ikkje er i orden kontaktar du
Masfjorden kommune 56 16 62 00 eller
post@masfjorden.kommune.no

Aktivitet

Hytta er plassert i eit område som naturleg inviterer til leik og allsidige uteaktivitetar. Kommunen ønskjer difor ikkje å gjera så mange tilretteleggingar på dette feltet. Strandområdet er nemnt. For born i alle aldrar vil stranda gje flotte opplevelingar med alt fiske- og dyreliv i strandkanten og i fjæra. Elles er det enkelt å finna fiske- og badeplassar på svaberga. Det vil bli vurdert innkjøp av kano. I skogen rundt hytta er det massevis av flotte klatretre. Inne i hytta er det i tillegg til bøker ulike brett/kortspel og teiknesaker.

Nokre erfaringar fra Sogn og Fjordane

Dagsturhyttene i Sogn og Fjordane har sidan opning hatt svært mange besökande. Enkeltpersonar, skular, barnehagar, lag og organisasjonar har lagt turar til hytta. Mange besökjer hytta fleire gongar for veka, ja bortimot dagleg. Det ser me alt er tilfelle også i Masfjorden. I tillegg har ein sett at det er svært mange som reiser til nabokommunane og oppsøkjer dagsturhyttene der.




Engasjementet frå innbyggjarane har vore stort. Skular, helselag og pensjonistlag har bidrige med golvteppe, tova sitjeunderlag og tjukkelabbar i kipe/korg som gjestane kan ta på seg når dei besökjer hytta. Så også i Masfjorden. Skuleklassar har laga fuglekassar som er blitt plassert ut på veg til og rundt hytta. Dei har og laga til aktivitetar/oppgåver for dei minste

undervegs. Lag og organisasjonar har lagt møte og samlingar til hytta.

Opning

I Masfjorden synest me at dagsturhytta har blitt noko meir enn berre ei hytte. Tilretteleggingsarbeidet like utanfor og i området rundt har vore omfattande, og er enno ikkje ferdig. Dette arbeidet vil halda fram dei komande åra, slik at området vil framstå som eit friluftsområde med universell utforming i fokus.



Den offisielle opninga vert grunna koronapandemien utsett til våren 2021. Dato for dette vil bli annonsert i god tid.

Men 2. søndag i advent, 6. desember frå kl 12:00, opnar hytta dørene slik at dei som vil kan ta hytta og området i nærmere augesyn. Ordføraren vil vera på plass. Kvar og ein tek med mat og drikke. Ein følgjer gjeldande smittevernreglar.

Det har i heile haust vore stor trafikk til hytta av skuelystne frå fjern og nær, og av dugnadsfolk, faktisk så mange at det i kombinasjon med mykje nedbør har blitt svarte/ blaute parti i hovudstien til hytta. Dette vert det arbeidd med å utbetra. Men sko deg godt!

Og over nyttår: Nordhordland Turlag arrangerer KomDegUt-dagen ved dagsturhytta 7. februar.

**Velkommen
til dagsturhytta!**

Dagsturhytta.no
UT.no

Tekst:
Masfjorden kommune



Kreative krefter i sving

I samband med skogrydding i Blåbærskogen ved Nordbygda skule vart det liggjande igjen mykje greiner og busker. Planen var vel å brenna dette, eller å køyra det vekk, men tiltakslystne elevar ville det annleis. På kort tid var det etablert ein flott grein-lavvo framfor flaggstanga, og rundt lavvoen vart det laga fleire flotte flettegjerde.

-Korleis er det å vera inne i lavvoen?, undrar me.

-Koseleg, svarar elevane.

-Sit de tørt?, undrar me.

- Ja, når det ikkje regnar, så, svarar elevane.



Tekst: Arbeidsgruppa



På tur i Eventyrskogen og Helsekvila på Haugsvær

Bak butikken og bensinstasjonen på Haugsvær skjuler det seg flotte turløyper. Du kan gå til Eventyrskogen (0,42 km, skogsveg og sti), Helsekvila (0,42 km, skogsveg) og Nonkletten (3,1 km, fjelltur)

Først går turen til Eventyrskogen saman med Lotta Haugsvær. Ho har vore her mange gonger før. Lotta fortel om alle dyra me skal møte. Bamsefar, reven, skogmusa og mange fleire frå kjende eventyr. Ho er spent på om det dukkar opp nokon nye troll eller dyr på vegen, for her kjem det plutselig noko nytt, seier ho.



Det første som møter oss er eit vegskilt og ein flott nylaga kvilebenk.



Kjerringa som har sett nasa fast i stubben



På turen inn skogsvegen finn me fleire gode ord til ettertanke



Her er ein av mange tusser og troll som kikkar deg bak ryggen når du vandrar i Eventyrskogen. Desse naturlaga skapningane og naturen rundt gjer at stemninga blir trolsk.

Husk å sjå deg godt rundt, for Mikkel rev er lur og har gøynt seg litt, nett som i eventyret.



Ein festkledd «bamsefar i lia». Har han fødselsdag? Bjørnen som «sover i sitt lune hi» er også å finna under ei steinhelle.

Skogmusa og vennene hans finn du mellom trea med herlege ansiktsuttrykk. Plutselig dukkar Petter pinsvin fram. Det er også dyrespor å sjå på bakken. Flyttar du blikket opp i trea får du auga på ugla.

Me vandrar tilbake over bruhaugen. «Snipp snapp snute så var eventyret ute..» Me har verkeleg vore i ein eventyrvor i Haugsvær. Dette eventyret vil me absolutt oppleve igjen!

Helsekvila

Skal du til Helsekvila tar du til høgre ved skiltet. Her er det litt brattare å gå, men med mykje dugnadsarbeid med graving og utbetring, med Bjørn Åge Vågseth i spissen er det god skogsveg opp. Når du har gått halvvegs kjem du til «Bjørn Åge's plass». Her kan du sette deg på benken og ta ein liten pust i bakken og sjå utover bygda no når lauvet er vekke frå trea. Me møter folk på tur opp og ned denne laurdagen. I enden av skogsvegen oppi høgda ligg grillhytta Helsekvila.

Det har blitt gjort mykje dugnad frå fleire av dei litt godt vaksne i Haugsvær-bygda: Finansiering, organisering, klargjering av tomten, sprenging, grunnarbeid, transport og oppsetjing av hytta. Me kan berre ane alle kaffikoppene som er serverte og lunsjmåltida som er ete her under open himmel i desse månadane dette arbeidet har pågått. Resultatet er kjempeflott!

Både Eventyrskogen og Helsekvila er i regi av Haugsvær helselag. Når ein snakkar med dei to engasjerte og svært aktive og pådrivande helselagsdamene Torill Vågseth Kristoffersen og Reidun Kvamsdal, skjønar ein at helselagsarbeid er så mangt, og svært viktig for bygda vår! Me er takknemlege for desse nye helselags-prosjekta som me alle kan nyte godt av!

Det har komme nye, flotte møteplassar ute i det fri for oss i bygda og nærområdet. Det treng me i desse tider! Og alle andre er sjølv sagt også velkomne. Turen i Eventyrskogen og til Helsekvila kan verkeleg anbefalast for både liten og stor.

Tekst og foto: Bente Kvamsdal Håvåg



Masfjordkalenderen 2021


Den tradisjonelle kalendaren med bilete frå kommunen vår er no komme ut i butikkane i Masfjorden for sal.

Om du ynskjer å bestille kan du sende e-post til:
masfjordfl@outlook.com eller ta kontakt med
Bente K. Håvåg tlf. 97 67 76 74

Pris kr 150,-. Betalingsinformasjon finn du på
utsalsstadane eller du får når du bestiller.

Stor takk til alle bedriftene som har sponsa med annonser, og for alle flotte bilete som me har fått tilsendt!

styret i Masfjord fotballag



«Historier frå krigen»

Heftet inneholder tekstar Kåre Kvinge har skrive, og som omhandlar tida under 2. verdskrig.

Som ung gut opplevde han invasjonen av Bergen 9. april 1940. Den høge militære aktiviteten i byen gjorde at det var utrygt å vera der, og dagen etter krigsutbrotet vart han og søstra, Borgny, sendt til Kvingo der faren sin familie budde, og dei vart verande der til ut på sommaren.

Hausten 1944 måtte Kåre flykta til Sverige. Han hadde fått innkalling til å arbeida på ubåt-bunker på Laksevåg som elektrikarlærling, men møtte aldri opp der, rømte heimefrå og vart ettersøkt av tyskarane. Han har skrive om flukten, og i tillegg har han lagt ved dagboka frå tida i Sverige.

Andre flykta vestover, til Shetland. To av tekstane handlar om flukten til henholdsvis Reidar Kvinge og Monrad Kvinge.

Heftet inneholder også nokre kvardagsminne fra Kvingo i krigsåra.

Flystyrten i Svartdalen mellom Kvingo og Andvik, der to britiske flygarar omkom, gjorde sterkt inntrykk på Kåre. I ettertid har han prøvd å rekonstruera hendinga og kva som eigentleg skjedde denne septemberdagen i 1940.

Kåre Kvinge har budd størstedelen av livet i Fyllingsdalen, men tilknytninga til Kvingo og Masfjorden; til slekta, folket og naturen har gjennom heile livet vore svært sterke.

Du kan kjøpa heftet på butikken på Kvingo eller tinga og få det tilsendt. Ring Kariann 41566227.

Heftet kostar kr 200.



Kåre Kvinge

f.1925

Historier fra krigen

Pakka frå pappa



I eit hus ikkje så langt frå der eg vaks opp, budde ein liten familie – far, mor, storesyster, veslebror. Far hadde ein liten jernvarehandel som låg i kjellaretasjen på eit hus eit lite stykke unna der vi budde. Dør i dør låg ein liten sportsbutikk.

Då veslebror begynte på skulen, tok mor seg arbeid utanfor heimen. På denne tida gjekk ungane på skulen seks dagar i veka, men dei yngste gjekk i snitt tre timer for dagen. Eg trur storesyster fylgte veslebror til skulen, men ho kom alltid heim att åleine, for når veslebror var ferdig på skulen, før han til butikken til far, og var der til far stengde butikken for dagen.

Dette har nok vore kjekt for dei begge, for eg kan godt hugse at dei mang ein gong kom heimover etter jobben, hand i hand, medan dei prata og lo. Banda mellom far og veslebror må ha vore svært sterke, trur eg.



Men ein dag like før jul, var det slutt. Far døydde, brått og uventa, i butikken. «Hjarteslag,» sa dei vaksne. «Han må ha arbeidd for mykje no i julestria.»

Desember var kald dette året. Mange dagar med barfrost gjorde at isen hadde lagt seg på dammar og tjern. Dei av oss ungane som hadde skøyter, nyttet dei få lyse timane etter at skulen var slutt til leik på isen.

Så kom juleferien, og så kom snøen. Eg trur ikkje det var så mykje snø som kom. Men det var nok til at ungane måtte koste nye baner på isen kvar dag.

Julaftan var eg rastlaus. Det var ikkje så mykje å foreta seg – lite var det for oss ungar på tv, ikkje var det nokon å leike med ute, ikkje fekk vi leike inne. Huset skulle vere ryddig, må vite.

Tidleg på ettermiddagen gjekk eg ut ein tur. Det var overskya, og nokre få, lette snøfjon dalte ned. Eg hugsar eg gjekk rundt og syntest det var fint å sjå på snøen som la seg på greinene på trea. Himmelten mørkna, men skydekket var i ferd med å sprekke opp. Etter kvart kunne eg sjå dei fyrste stjernene. Det er rart, synest eg – får du fyrst auge på ei stjerne, får du alltid auge på fleire.

Det mørkna meir og meir, og så begynte kyrkjeklokkene å kime. No var det jul. Eg skunda meg heimover. Snart skulle vi alle samlast kring bordet heime, til julemiddag og etterpå julegåver og julehygge.

Men då eg nærma meg huset der veslebror budde, sakka eg på farten. Attmed grinda stod veslebror, sint og tverr, og sparka i ei snøfonn. I vindauget stod mor og lokka på han. «Kom no, veslebror. Syster og eg ventar. Det vert ikkje jul før du kjem.» Den dag i dag veit eg ikkje om dette var akkurat orda mor brukte, for det eg hugsar best var den oppgitte og triste tonen i stemmen hennar.

Men veslebror ville ikkje inn. Han stod der ute, sa ingen ting, men såg rett ned i snøfonna framfor seg. Eg gjekk forbi og nærma meg døra til huset vårt.

Då såg eg det kom ein bil, ein grå liten varebil. Bilen stogga attmed veslebror, og ut av bilen kom ein høg, tunn mann med ein lang frakk og ei øskje under armen. Mannen veksla nokre ord med veslebror. Så tok han guten i handa og leidde han inn i huset, inn til mor og storesyster.

Sjølv gjekk eg inn til mitt og mine, og hadde ein god julekveld saman med dei.

Dagen etter vakna vi til ein strålande fyrste juledags morgen, klår og kald. Utpå føremiddagen begynte ungane å samle seg på isen. Det var fleire ungar enn vanleg der, for fleire hadde fått nye skøyter til jul.

Ein av dei var veslebror. Han hadde fått eit par nybegynnarskøyter med tre meiar under, og med reimer til å snøre om skorne. Veslebror sitt fyrste skøytepar! Det var tydeleg at han var uvant med å gå på skøyter. Dei ekstra meiene hindra ikkje at han fall, om att og om att. Men kvar gong reiste han seg, blid og glad, og fortsette sin sjanglande skøytegang bortover isflata. Dette var ein heil annan gut enn han eg hadde sett dagen før.

«Gratulerer med nye skøyter,» var det ein som sa til han. «Kven har du fått dei av?» «Eg fekk dei av pappa,» svara veslebror. Vi som høyrde svaret, syntest det var rart. Vi visste at pappa til veslebror nett hadde døydd. Korleis kunne dette ha seg?

Forklaringa fekk eg litt utpå nyåret, då eg overhøyrd ein samtale mellom mor mi og ei av nabofruene: Det stemte at pakka var frå pappa. Far hadde kjøpt skøytene i sportsbutikken attmed, men ville vente med å ta dei med heim til dess det nærma seg jul. Og sidan veslebror var så mykje i butikken hans, skulle skøytene få ligge i

forvaring i sportsbutikken. Der låg dei framleis i ei øskje då far døydde. I oppstyret etter dødsfallet og i juletravelheita vart skøytene rett og slett gløymde – heilt til dess innehavaren av sportsbutikken kom over dei eller kom på dei, og bestemte seg for å stikke innom til veslebror med dei på julaftan, på veg heim frå julegudstenesta i kyrkja.

Korleis det sidan har gått med veslebror og skøytene, veit eg ikkje. Den vesle familien flytta sommaren etter.

Men det hender at eg tenkjer på veslebror og skøytene. Og eg er temmeleg sikker på at veslebror heller ikkje har gløymt den jula då han fekk pakka frå pappa.

Tekst : Rune Garmann

Foto : Matazu, Pixabay
Attgitt med løyve.



Julekonsertane er avlyste

Julekonsertane i Masfjorden skulle arrangerast tredje helga i advent, men grunna koronapandemien og smittevernreglar har ein kome til at desse tradisjonelle konsertane dessverre må avlysast i år.

Me vonar likevel at lag, kulturskuleelevar og andre på ein eller annan måte kan få høve til å dela juletonar i førjulstida, men då utandørs.

Tider skal komme...

Helsing song- og musikkлага i kommunen, kulturskule m. fleire

**VIL DU HA
BÅTPLESS?**

I 2021 KJEM DET MODERNE FLYTEBRYGGJE OG BÅTHAVN PÅ KVINGO.

kontakt:
LEIAR I KVINGO BÅTLAG
ERLING BIRKELAND
MOB. NR: 992 50 125

KUN 5 LEDIGE PLASSAR IGJEN - HER GJELD
"FORSTEMANN TIL MOLLA"
EPOST: KONTAKT@KVINGO-BAATLAG.NO

Kvingo Båttag: www.facebook.com/kvingobaatlag

Kinoar på Fjon Grendahus

15. desember - 26. januar - 23. februar - 23. mars - 20. April - 18. Mai - 15. juni



Takk for flotte haustbilete frå Torsvik og Risnes.
Innsendt av Knut Torkilsen Horvei



God jul!



Kontaktinformasjon til kyrkja

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

E-post kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:

Helga Ekehaug

Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612

e-post:

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Harald Sundsbø

Tlf.: 95976864

e-post: h-sund@online.no

Konfirmantprest, vikar: Kristine Bleikli

Tlf.: 411 89 809

kristine.bleikli@masfjorden.kommune

Vipps Masfjorden Sokn: 620513



Stoff-frist for Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen: 18. januar 2021

Noter denne datoен i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgauum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

Kontaktinformasjon til kommunen

Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge, Sveinung Toft

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

mary.hope@masfjorden.kommune.no

frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Formgjeving: Mary Hope